



Tysvær kommune  
v/rådmann Arvid S Vallestad  
Rådhusvegen 9  
5575 AKSDAL

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Varsel om tilsyn med Tysvær kommune - Tilsyn etter opplæringslova - krav om innsending av dokumentasjon**

Etter opplæringslova, lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, § 14-1 første ledd, har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med offentlege skolar.

Tilsynsmyndigheita skal ha tilgang til skoleanlegg og dokumentasjon, jf. kommunelova § 60 c.

Det skal gjennomførast tilsyn med temaet spesialundervisning jf. opplæringslova §§ 5-1, 5-3, 5-4, 5-5 og 5-6, og om skoleeigar har etablert og implementert eit forsvarleg system på tilsynsområdet, jf. opplæringslova § 13-10, andre ledd. Sjå vedlegg 2, rettsleg grunnlag.

### **Hovudpunkta i tilsynet vil vere:**

- Retten til spesialundervisning jf. opplæringslova § 5-1
- Sakkunnig vurdering jf. opplæringslova § 5-3
- Saksbehandlinga i samband med vedtak om spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-4
- Individuelle opplæringsplanar, jf. opplæringslova § 5-5
- PP-tenesta som sakkunnig instans, jf. § 5-6 i opplæringslova
- Alternativ opplæringsarena
- Kommunen sitt forsvarlege system for vurdering av om lovkrava på tilsynsområdet blir oppfylt jf. § 13-10, andre ledd.

### **Føremålet med tilsynet**

Det overordna målet med tilsynet er å kontrollere om reglane om spesialundervisning blir tatt i vare. Gjennom kontroll med oppfølginga av dei rettslege krava frå skoleeigaren og skolane, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast og rettast opp.

### **Gjennomføringa av tilsynet**

Fylkesmannen vil føre tilsyn med Tysvær kommune som skoleeigar, Frakkagjerd ungdomsskole og Sætre gard. Tilsynet skal vere prega av openheit, likebehandling, at det kan etterprøvast og vere effektivt.

Tilsynet skal utførast ved ein kontroll av innhenta dokumentasjon og ved intervju.

Dersom vi avdekkjer lovbrøt, vil Tysvær kommune få førehandsvarsel om vedtak etter forvaltningslova § 16 og få høve til å uttale seg i saka. Kommunen vil deretter få ein rimeleg frist til å rette det ulovlege forholdet, før vi vedtek eit eventuelt pålegg om retting.

Tilsynet blir opna gjennom dette brevet. Førebels tidsplan er slik:

- 01.10.15 Frist for innsending av dokumentasjon til Fylkesmannen
- Veke 47 Gjennomføring av opningsmøte, intervju og eventuelle inspeksjonar
- Veke 51 Utsending av førebels tilsynsrapport med førehandsvarsel om vedtak eller endeleg tilsynsrapport utan lovbrøt
- Veke 6 Utsending av endeleg tilsynsrapport med frist for retting

Fylkesmannen tek atterhald om endringar i planen.

Tidsplan for opningsmøte og intervju vil bli utarbeidd i forkant av tilsynet og i samarbeid med kommunen og skolen.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3. Endelege tilsynsrapportar vil bli publisert på Fylkesmannen sin nettstad.

### **Krav om innsending av dokumentasjon**

Tysvær kommune pliktar å sende inn den dokumentasjonen som går fram av dette brevet. Vi ber om at skolen utarbeider ein oversikt over den dokumentasjonen som blir send, til dømes ved å bruke ei innholdsliste. Plikta til å sende inn slik informasjon følgjer av opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60 c. Sjå vedlegg 1, aktuell dokumentasjon.

### **Frist for innsending er 01.10.15.**

Vi ber om at det blir oppnemnt ein kontaktperson i kommunen, ved Frakkagjerd ungdomsskole og Sætre gard, og at vi får tilsendt kontaktinformasjon for desse personane.

Dokumentasjonen som skal sendast inn, kan berre vere unnateken frå det offentlege i den grad dette er heimla i offentleglova.

Skoleeigar har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova §§ 18 flg.

Spørsmål om tilsynet kan rettast til tilsynsleiar Hilde Folkvord Juul, tlf. 51 56 89 57, e-post [fmrohjf@fylkesmannen.no](mailto:fmrohjf@fylkesmannen.no)

Med helsing

Hallgeir Bø  
assisterande utdanningsdirektør

Hilde Folkvord Juul  
rådgjevar

Vedlegg: 1. Aktuell dokumentasjon  
2. Rettsleg grunnlag

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Hilde Folkvord Juul  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 57  
E-post: [fmrohjf@fylkesmannen.no](mailto:fmrohjf@fylkesmannen.no)